



Det vert med dette kalla inn til møte i

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Medlemar:

Kjetil Hjørnevik, programstyreleiar

Lars Tuastad, programkoordinator, nestleiar programstyret

Claire Ghetti, intern fagrepresentant

Monika Overå, ekstern fagrepresentant

Sekretær:

Hild C. Vang, studiekonsulent

Tid: Fredag 28.03 2025, kl. 13:00-15.00

Møte: 2/2025

Stad: GA / Microsoft Teams

Arkivnr: 2025/1011 (ePhorte)

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Protokoll frå tidlegare programstyremøte

III Sakar:

MUTP 3/25 Orientering om studentrepresentasjon i programstyret

Informasjonssak.

MUTP 4/25 Studieplanendring – LES100

Informasjonssak. Oppfølging av vedtak på sirkulasjon. Saksvedlegg 3/25

MUTP 5/25 Oppfølging av studentundersøkinga Studiebarometeret 2024

Informasjonssak. [Studiebarometeret 2024 - rapport MAHF-INMUT.pdf](#)

MUTP 6/25 Utdanningsprosjekt: *Resonating Rights*

Diskusjonssak. Oppfølging av sak 2/25.

IV Referat og orienteringssaker

a. Meldingar frå institutt – [IRGA 06.02.2025](#)

b. Meldingar frå Studieutvalget KMD – [SU 26.03.25](#)

c. Meldingar frå fakultetet – [Fakultetsstyremøte 20.02.2025](#)

d. Meldingar frå MUTP-fagutvalg og STUGA

V Eventuelt

Bergen, 21.03.25

Kjetil Hjørnevik
Programstyreleder

Hild C. Vang
Programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 3/25

ePhorte saksnummer: 2022/419

Sakstype: Vedtak

Møte: E-postrunde – 13.03.2025

Studieplanendring – LES100

Bakgrunn

Femårig integrert mastergrad i musikkterapi har emnet *EXFAC00AS Akademisk skriving* som eitt av tre obligatoriske fyrstesemesteremne. Det Humanistiske fakultet (HF), som eig og administrerer EXFAC00AS har vedteke å legge ned emnet og erstatte det med eit nytt emne – *LES100 Les og skriv*.

KMD vart informert om dette i brev frå HF, datert 10.03.2025 (2022/8830-11):

Endring

Emnet EXFAC00AS – Akademisk skriving blir lagt ned, og erstatta av eit nytt fellesemne i første semester. Det nye emnet er under utvikling, og har fått emnekode og tittel LES100 – Les og skriv. Dette får konsekvensar for to av KMD sine studieprogram, som begge har EXFAC00AS som del av førstesemestertilbodet:

Bachelorprogram i musikkvitenskap (BAHF-MVK)

Integrert masterprogram i musikkterapi (MAHF-INMUT)

HF ønskjer å tilby emnet LES100 til studentar på BAHF-MVK og MAHF-INMUT som ei erstatning for Akademisk skriving.

Bakgrunn for endringa

HF har hatt fleire prosjekt gåande dei siste åra der føremålet har vore å sjå på studieporteføljen til fakultetet. I september 2024 blei det lagt fram ein sluttrapport og ei rekke tiltak for fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet, som slutta seg til tilrådingane og tiltaka i rapporten. Prosjektet har ei nettside, der sluttrapport og tiltaksplan er tilgjengeleg for alle: <https://www.uib.no/hf/165077/studieportefoljen-ved-hf>

Eitt av tiltaka som vi iverksett er å etablere eit nytt felles obligatorisk innføringsemne i første semester på 10 studiepoeng, og det er dette tiltaket som får konsekvens for KMD.

([Orienteringsbrev frå HF](#))

Til saka

Det er eit ønske frå HF å implementere LES100 allereie frå hausten 2025. For studentane på MAHF-INMUT vil det ikkje ha særleg betydning då det i fylgje emneskildringa til LES100 er 100% fagleg overlapp mellom dagens EXFAC00AS og LES100.

LES100 er ei vidareutvikling og modernisering som "[...] tydeleg relaterer seg til tema knytt til digitale ferdigheiter og/eller kunstig intelligens. På same tid skal det nye emnet oppretthalde den viktige funksjonen dagens Akademisk skrivning har knytt til lesing og skrivning som ein grunnleggjande ferdigheit. Det nye emnet, LES100, vil vere delt inn i tre hovudtema:

Fagleg lesing

1. Akademisk skrivning
2. Lesing, skrivning og kunstig intelligens

Emnet har som mål å gje studentar innføring i sentrale akademiske aktivitetar innan humaniora. Gjennom emnet skal studentar øve opp lese- og skriveferdigheiter i lys av ny teknologi, særleg kunstig intelligens." ([Emneskildring LES100](#))

Ei implementering av LES100 krev godkjenning i programstyret og instituttrådet for Griegakademiet

Forslag til vedtak

Programstyret for musikkterapi godkjenner endringa i studiepanen og implementerer emnet LES100 Les og skriv som erstatting av det obligatoriske fyrstesemesteremnet EXFAC00AS Akademisk skrivning.

Vedlegg:

- [Orienteringsbrev frå HF, 10.03.2025](#)
- [Emneskildring LES100](#)